



Master i samhandling innan helse- og sosialtenester

Dette studiet gir deg kunnskap om det å hjelpe brukarar med langvarige og samansette behov som har behov for behandling, tilrettelegging, rådgiving eller rettleiing, og med tenestebehov som krev samhandling mellom ulike sektorar, koordinering av tenester på individnivå og utvikling av tenester på systemnivå. Du lærer om:

- brukaren i hjelpeapparatet
- rolla som profesjonell hjelpar
- hjelpeapparatet i velferdssamfunnet



Studiet har ein klinisk profil, og høver for dei som ønsker å vidareutvikle sin kompetanse frå helse-, sosial- eller idrettsfagleg grunnutdanning.

Studiet er samlingsbasert over tre år, med rundt tre samlingar á 4-5 dagar per semester. Søknadsfrist 15. april. Oppstart er hausten 2018. Les meir på Høgskulen på Vestlandet sine [nett sider](#) !

Erfaringskonferansen 2017



Etter suksessen for to år sidan, inviterte KS og Helse Førde HF onsdag 2. og fredag 3. februar til ny erfaringskonferanse. Dette var den tredje i rekka ! Med nær 140 engasjerte deltakarar frå 23 av kommunane i fylket, mange frå spesialisthelsetenesta, Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter, Fylkesmannen, NAV og brukarrepresentantar, så må ein kunne seie at ein dette året tok konferansen til «nye høgder» !


Konferansen blei prega av stort engasjement, livlege ordskifte og sterke meiningsbrytingar.

Fokuset var tett knytt til praksis, og hadde særskilt merksemd på vekslinga mellom spesialist- og kommunehelsetenesta. Entusiasmen var med å gi diskusjonen og refleksjonane kraft, framdrift og styrke. I lys av at det ofte er det som «veks opp nedanfrå» som har «livets rett» over tid, står denne måten å kunne samlast om felles utfordringar fram som ein fruktbar måte til å kunne utvikle praksis.

Ein drøfta nærmere korleis ein opplever at gjeldande samarbeidsavtalar og rutinar fungerer i kvardagen, og korleis ein kunne få til forbetringar i «samhandlingsrommet» knytt til [tilvisningar og ut-/innskriving](#) frå sjukehus. Rekka av erfaringskonferansar fungerer som forbetringssmetodikk i praksis ved at ein på den eine konferansen identifiserer områder der ein ønsker å utvikle samarbeidet, blir samde om sette i verk nye tiltak, som ein så evaluerer, korrigerer og stakar ut ny kurs neste gong ein er samla.

Tilrådingane frå deltakarane på Erfaringskonferansen blir tatt vidare til både [Fagrådet](#) og [Koordineringsrådet](#) med tanke på vidare oppfølging og implementering i eksisterande samhandlingsstrukturar.

Sjå [presentasjonane frå konferansen](#)



Samarbeid om folkehelse i Sogn og Fjordane

Folkehelsefeltet spenner frå primærforebygging til tertiærforebygging, og har med det eit bredt lovgrunnlag og mange aktørar. Alle har eit ansvar for å implementere folkehelsearbeid i sine ansvarsområde. Det er viktig at aktørane ikkje jobbar kvar for seg, men samordnar/samarbeider om folkehelse på tvers av nivå, sektorar og fagleg ståstad.

Koordineringsrådet (det øvste administrative samhandlingsorganet mellom Helse Førde HF og kommunane) har hatt fokus på folkehelse på i fleire omgangar siste året. Rådet har bedt om eit møte der toppleiringa for aktuelle organisasjonar i fylket deltek. Onsdag 1. februar møttest representantar frå KS, Sogn og Fjordane fylkeskommune, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane, Høgskulen på Vestlandet, NAV og Helse Førde HF med tanke på å etablere eit tettare og meir konkret samarbeid om folkehelse i fylket.


Ein blei samde om å freiste å etablere eit formelt og forpliktande partnerskap med tanke på felles samarbeid på tvers mellom dei ulike aktørane. Partane arbeider vidare med løysingar knytt til samordning av folkehelseindikatorar som kommunane treng i sitt lovpålagede arbeid med å utarbeide helseoversikter, og å utarbeide søknad om status som programfylke på folkehelseområdet.

FRISK – Folkehelsekartlegging mellom vaksenbefolkinga i Sogn og Fjordane

Ei samling av fagfolk og forskrarar frå Vestlandet med tyngde i Sogn og Fjordane har starta arbeidet med å planlegge ei helseundersøking for alle vaksne innbyggjarar i fylket. Prosjektet har fått namnet FRISK Sogn og Fjordane.

Årsaka til at vi treng ei slik kartlegging, er at vi veit svært lite om den faktiske helsetilstanden til den vaksne befolkninga. Dette gjeld primærhelsetenesta så vel som spesialisthelsetenesta. Ein treng denne bakgrunnskunnen for å kunne legge til rette for helsefremmande og førebyggande tiltak på rett stad til rett tid, og til rett «folkegruppe».

Døme kan vere kartlegging i forhold til for eksempel overvekt, psykisk helse, bruk av tobakk, levekår og trivsel. Ein vil slik koble sjølvrapportert informasjon frå innbyggjarane også til enkle målingar og blodprøvesvar i forhold til risikofaktorar for dårleg helse. Kvar einskild innbyggjar vil gjennom dette få høve til betra innsikt i eiga helse. Undersøkinga vil kunne gje ein god peikepinn til å forutsjå behov for morgondagens helseapparat.



FRISK vil nytte Samhandlingsbarometeret og Fylkesspegen for å presentere/tilgjengeleggjere data frå undersøkinga. Ein vil vidare lagre blodprøver i ein biobank som kan nyttast til framtidsretta forsking og innovasjon i forhold til biologiske markørar og risikoanalyse.

For meir opplysingar om undersøkinga kan Anette Bøe Wolff (tlf. 91623378), eller Hans Johan Breidablik (tlf. 90182853) kontaktast

Traineeprogram for nyutdanna sjukepleiarar

Kommunane Flora og Førde kommune samarbeider med Helse Førde HF for å vidareutvikle eit traineeprogram for nyutdanna sjukepleiarar. Nytt kull får oppstart 20. juni 2017. Det blir lyst ledig 8 stillingar. Søknadsfrist er 6. mars.

